



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

U.off:

Vår ref
2021/5079-4

Sakshandsamar:
Gry Åsne Aksvik

Arkiv
SAK7

Dato:
06.09.2022

Klage på Øst-Telemarkens Brukseierforening sin praktisering av manøvreringsreglementet for Møsvatn

Me syner til Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) sitt varsel om brot på manøvreringsreglementet for Møsvatn, motteke 01.09.2022. Me syner også til vår klage på sama situasjon i 2021.

I varselet greier ØTB ut om utfordringane foreininga har med å overhalde gjeldande manøvreringsreglement for Møsvatn (pålagt fyllingsnivå, kote 914,00). Vinje kommune fekk følgjande e-post frå ØTB:

«Orientering vedrørende situasjon knyttet til manøvreringsreglement i østre del av Skiensvassdraget høsten 2022.

De to manøvreringsreglementene for østre del av Skiensvassdraget som omfatter fyllings- og minstevannføringsrestriksjon er henholdsvis manøvreringsreglementet gjeldende for Møsvatn av kgl. res. av 13.02.2015 og Tinnsjøen av kgl. res. av 17.11.2006.

De siste måneders nedbørsvikt, samt fremtidige tørre prognoser medfører at Øst-Telemarkens Brukseierforening etter kontinuerlig fokus på håndtering av gjeldende restriksjoner, må foreta en tungt avveid prioritering mellom de gjeldende manøvreringsreglement for Møsvatn og Tinnsjøen.

Det er viktige hensyn å etterleve i begge reglement, men fokuset på miljø og mangfold og dertil tilstrekkelig forhold for fisk medfører at regulanten må avvike fra manøvreringsreglementet for Møsvatn og dermed gå under kote 914 moh. over en periode for å sikre tilstrekkelig tilførsel av vann til minstevannføring ut av Tinnsjøen.

Situasjonen følges kontinuerlig, og så fort forholdene tilsier det gjøres alt for å gjenopprette normal situasjon i henhold til reglementet.

Rjukan, 1/9-2022.

Jostein Eggerud, Øst-Telemarkens Brukseierforening»

Ei vasstand i Møsvatn under kote 914, vil gje store praktiske utfordringar for lokalbefolkninga på Møsstrand. Mange av dei som er busett rundt Møsvatn har båten som einaste framkomstmiddel store delar av året. Alle hamneanlegg som vart etablert på 1990-talet er laga for å dekkje vasstanden frå kote 914 og oppover. Størstedelen av hamnene er dermed ikkje brukbare ved lågare vasstand. Dette gjeld også hamnene på Varland, der felles parkeringsanlegg er etablert, og øya Hovden som rommar kyrkje og grendehus.

I praksis vil dette sei at når haustvindane kjem vil folk få store problem med å berge båtane sine for å unngå skadar. Utan tilgjengeleg hamn på Varland kan ein heller ikkje leggje frå seg båten der om ein skal ut med bil. Manglande tilgang på hamn kan vidare føre til tap av verdifull tid i ein beredskapssituasjon.

I punkt 2 i manøvreringsreglementet står det:

«Fra 1. mai skal alt tilløp, bortsett fra **nødvendig** tapping for å hule pålagt minstevannføring i Måna, nyttas til å fylle opp magasinet til kote 914. En vannmengde tilsvarende gjenværende magasin i Møsvatn pr. 1. mai kan likevel tappes i fyllingsperioden. Etter oppfylling til kote 914 må magasinet ikke tappes under denne kote før 1. desember.

NVE kan dispensere fra tappebegrensingene dersom det ansees nødvendig i en anstrengt kraftsituasjon.»

Av det Vinje kommune kjenner til, har ikkje regulanten sendt søknad om dispensasjon før dei tappa Møsvaten til under kote 914. Me ser alvorleg på dette, og det er berre eit år sidan førre gonga Møsvatn vart tappa til under kote 914. Me meiner at regulanten på eit mykje tidlegare tidspunkt burde sett korleis situasjonen utvikla seg, og dermed sett inn tiltak for å hindre tapping til under kote 914.

Med tanke på dei store praktiske problema som ein vasstand under reguleringskravet gjev for dei som er busett på Møsstrand, kan ikkje Vinje kommune akseptere at ØTB planlegg å vike av frå pålagt fyllingsnivå, kote 914,00, sjølv for ei stuttare periode. Om naudsynt, bør heller ØTB vurdere eit mellombels fråvik frå minstevassføringskravet på 45 m³/s i manøvreringsreglementet for Tinnsjøen. Vinje kommune krev ei dokumentasjon på tappinga frå 1. mai og fram til no – me ber om **dokumentasjon på at denne tappinga har vore naudsynt**, og ikkje unødvendig tapping for å tene pengar.

Dette er ikkje fyrste gongen ØTB operer i strid med manøvreringsreglementet, sjå klager frå Vinje kommune frå 2020 og 2021. Desse klagane ser diverre ikkje ut til å betre situasjonen. Vinje kommune ber difor NVE å instruere ØTB om å stoppe, utan opphald, tapping av Møsvatn til fordel for vassføring ut av Tinnsjøen inntil fyllingsnivået i Møsvatn igjen er over kote 914,00, og halde nivået over denne koten til 01.12.21. Vinje kommune ynskjer også dokumentasjon på årsaka til at ØTB har valt å bryte manøvreringsreglementet og no tappar Møsvatn til eit lågare nivå enn løyvd.

Dersom ØTB ikkje endrar praksis så snart som mogleg, vil Vinje kommune vurdere å melde ØTB for brot på manøvreringsreglementet.

Med helsing

Gry Åsne Aksvik
plan- og økonomisjef

Dokumentet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar av dette brevet:
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)